

Notat

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjerm, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Dato: 23. april 2018

Til:	Fellesnemnda
Frå:	Fylkesrådmennene

Namnet til den nye fylkeskommunen

I samsvar med lovkrava i inndelingslova § 25, skal det snarleg etter Stortinget sitt samanslåingsvedtak haldast felles fylkesting. Fylkesordførarane vart i august, i samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), samde om at slikt møte skulle haldast 27.10.17 i Gulen kommune.

På slike fellesmøte legg inndelingslova opp til at følgjande saker skal drøftast:

- Namn på det nye fylket.
- Tal medlemer i det nye fylkestinget.
- Kriterium for samansetting av, og funksjonar til, fellesnemnda.
- Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.
- Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

Regjeringa la gjennom Prop. 84 S (2016–17) fram forslag om ny inndeling av regionalt folkevalt nivå. Stortinget vedtok 08.06.17 ei regionreform der dagens 19 fylkeskommunar vert erstatta med 11 nye folkevalde regionar/fylkeskommunar. Den nye fylkesinndelinga skal gjelde frå 01.01.20.

I vedtaket slo Stortinget saman følgjande fylke:

- Vest-Agder og Aust-Agder (302 000 innbyggjarar)
- Sogn og Fjordane og Hordaland (632 000 innbyggjarar)
- Buskerud, Akershus og Østfold (1 178 000 innbyggjarar)
- Telemark og Vestfold (420 000 innbyggjarar)
- Hedmark og Oppland (386 000 innbyggjarar)
- Troms og Finnmark (241 000 innbyggjarar)

Vedtaket inneber at Oslo (672 000), Rogaland (475 000), Møre og Romsdal (267 000) og Nordland (243 000) held fram som eigne fylke. Sør- og Nord-Trøndelag (454 000) er alt vedtekne slegne saman med verknad frå 1. januar 2018.

Hordaland og Sogn og Fjordane har gått inn for at den nye fylkeskommunen får namnet Vestland fylkeskommune.

Regjeringa har i statsråd 6. april 2018 avgjort at dei tilrår Vestland som namn på det nye fylket. Stortinget gjer endeleg vedtak om fylkesnamn før sommaren.

Regjeringa la gjennom Prop. 65 L (2017-2018) Endringar i inndelingslova (nye fylkesnamn) fram forslag om fylgjande endringar i inndelingslova kapittel VII:

§ 29 Fylkesinndeling og fylkesnamn.

Rikets fylker skal ha følgjande namn:

- 1. Viken.
- 2. Oslo.
- 3. Innlandet.
- 4. Vestfold og Telemark.
- 5. Agder.
- 6. Rogaland.
- 7. Vestland.
- 8. Møre og Romsdal.
- 9. Trøndelag eller Trööndelage.
- 10. Nordland.
- 11. Troms og Finnmark eller Romsa ja Finnmarkku eller Tromssa ja Finmarkku.